



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FA-S11, TI-&13
Arkivsaksnr: 14/305	Løpenr: 14/3028
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	17.06.2014	039/14	RLØ
Kommunestyret	18.06.2014	038/14	RLØ

JARLSHAUG KRAFTVERK - UTTALE TIL SMÅKRAFTPAKKE SAMNANGER, FUSA , KVAM

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har ikkje merknader til søknaden om utbygging av Jarlshaug kraftverk.

17.06.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Monica Tjønna (Sp) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune stiller seg positiv til det omsøkte småkraftprosjektet.

Det vart røysta alternativ over framlegget frå rådmannen og framlegget frå Tjønna. Utvalet røysta samrøystes for framlegget frå Tjønna.

NAT-039/14 VEDTAK:

Samnanger kommune stiller seg positiv til det omsøkte småkraftprosjektet.

18.06.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Tilrådinga frå naturutvalet vart samrøystes vedteke.

KS-038/14 VEDTAK:

Samnanger kommune stiller seg positiv til det omsøkte småkraftprosjektet.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Jarlshaug Kraft AS sin konsesjonssøknad kan lastast ned her:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=3561&type=11>

Kva saka gjeld:

NVE har motteke søknadar om løyve til å byggja 12 småkraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger. Søknadane skal handsamast samstundes, og samla belastning for regionen skal vurderast. NVE ynskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også alle sakene samla dersom det er aktuelt. Det er tre av dei omsøkte prosjekta som ligg i Samnanger:

- Jarlshaug kraftverk (Jarlshaug Kraft AS)
- Sandelva kraftverk (Blåfall AS)
- Dukebotn kraftverk (BKK Produksjon AS)

Denne saka gjeld Jarlshaug kraftverk, som NVE kort oppsummerer slik:

«Jarlshaug kraftverk vil utnytte et fall på 217 meter i Jarlandselva, fra vanninntaket på 264 moh. til kraftstasjonen på 47 moh. Vannveien er planlagt på elvens østside som nedgravd rørgate med en total lengde på 1115 meter. Det er ikke planlagt noen ny vei i tilknytning med kraftverksutbygningen. Middelvannføringen er 2220 l/s, kraftverket er planlagt med en maksimal slukeevne på 590 l/s. Utbyggingen vil føre til en redusert vannføring på 1135 meter av elvas strekning. Slipp av minstevannføring er planlagt til 161 l/s om sommeren (01.05 til 30.09) og 37 l/s resten av året. Kraftverket vil ha en installert effekt på 0,99 MW, noe som vil gi en årlig produksjon på 7,06 GWh.»

Søkjar har oppsummert prosjektet slik:

Grunneigarane v/Sigmund Hodne sende søknad til NVE om vurdering om konsesjonsfritak for eit minikraftverk i Jarlandselva den 15/3 -02. Det vert vist til NVE si handsaming og vedtak i samband med vurdering av konsesjonsplikt etter vassressurslova for eit minikraftanlegg i Jarlandselva, NVE ref.: NVE 200201753-3 rv/ias, arkiv; 911-514.2/055. Denne søknaden er oppfølging av Olje- og energidepartementet sitt vedtaket i saka om at søkjaren vart pålagt å søkja konsesjon etter vassressurslova.

Prosjektet ligg ved Jarlandselva i Samnanger kommune, Hordaland fylke, om lag 3,5 km aust for kommunesenteret Tysse. Elva ligg i vassdragsområde 055.AZ verna vassdrag.

Kraftverket skal byggjast om lag 50 m oppstraums samlaupet mellom Jarlandselva og Eikedals-/Frølandselva, og skal utnytte avrenninga frå eit nedslagsfeltet 14,6 km². Inntaket til kraftstasjonen ligg på kote 264 moh. Vatnet skal leiast gjennom ei nedgraven rørgate til kraftstasjonen som er plassert ved kote 47 oppstraums brua der gardsvegen til Jarland kryssar elva. Planlagt installasjon er 999 kW, som vil gi ein årlig produksjon på ca. 7,08 GWh.

Prosjektet framstår som svært lite konfliktfylt. Området er prega av kulturlandskap knytt til landbruk og noko fritidsbusetnad. Installasjonane vil liggje slik i terrenget at de vil være godt skjult. Elva er i dag lite synlig i landskapsbilete på grunn av at den er dekkja av vegetasjon. Det er ikkje innsynet frå Rv.7 (nasjonal turistveg) til planlagt utbygd elvestrekning. Det vert betydeleg vassføring att på utbygd elvestrekning sidan maksimal slukeevne i turbinen berre utgjerd om lag 26 % av middelvassføring. Elva vil i stor mon oppretthalda sitt opphavlege preg og dynamikk også etter utbygging.

Det er planlagt å slepp minstevassføring tilsvarande 5-persentil vassføring sommar og vinter. Denne vassmengda vil, saman med tilsig over kraftverket sin slukeevne, vera tilstrekkelig både med omsyn livet i elva på utbygd elvestrekning, samt for å bevare elva som landskapselement.

Det er ikkje kjende førekomstar av raudlista artar i influensområdet. Raudlista artar vart heller ikkje registrert ved feltundersøking. Landskapet og det biologiske mangfaldet i influensområdet er av triviell karakter.

Fusa Kraftlag og SKL – Produksjon AS har inngått frivillig avtale om alle nødvendige rettar med rettshavarar til planlagt utbygd elvestrekning, ny veg og ny 22 kV tilknytingslinje.

Avtale med områdekonsesjonæren om nettilknytning kan ikkje inngåast før BKK – Nett har gjennomført utvidingsplanane for transformorkapasiteten ved Børdal Transformatorstasjon. Dette arbeidet er planlagt slutført 2015.

Fylke/kommune: Hordaland/Samnanger	Gnr./bnr. 36/1, 36/2, 36/4, 36/5, 37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5	Feltstørrelse: 14,6 km ²	Middelvassføring: 2,22 m ³ /s	Slukeevner: 0,012 – 0,59 m ³ /s
Installasjon: 999 kW		Produksjon: 7,08 GWh	Utbyggingspris: 23,4 mill.kr (NVE 2010 + 13 %)	Kostnad: 3,3 kr/kWh

Vurderingar og konsekvensar:

Ei utbygging fører med seg produksjon av meir fornybar energi, noko det er eit mål for Samnanger å leggja til rette for. Produksjonen vil gje om lag 7 GWh årleg, det tilsvarar årsforbruket til om lag 354 husstandar.

Kraftverket er basert på ei svært avgrensa utnytting av den tilgjengelege vassføringa i Jarlandselva, den maksimale slukeevna i turbinen utgjerd om lag 26 % av middelvassføringa. Det er planlagt slepp av minstevassføring tilsvarande 5-persentil vassføring sommar og vinter, høvesvis 161 l/s og 37 l/s.

Det skal ikkje byggjast anleggsveg fram til inntaket, då dette ligg rett ved eksisterande veg. Den nedgravne røyrkata skal gå delvis i eksisterande skogsveg, delvis i urørt terreng som må revegeterast.

Store delar av elvestrekninga ligg skjult i landskapet fordi den er dekkja av tett vegetasjon. To fossar/stryk er synlege frå Haug og delvis Jarland, men ikkje frå den nasjonale turistvegen Fv 7. Minstevassføringa, og all vassføring over turbinen sin slukeevne, vil ivareta det visuelle inntrykket av elva.

Miljørapporten omtaler to fosseenger ved fossestryka, desse er avhengige av fukt frå fosserøyk. Utbygginga vil føra med seg mindre vatn i elva, og dermed mindre fosserøyk. Vegetasjonen er karakterisert som sær artsfattig, med vanlege gras- og moseartar som dominerande. Verdien av fosseengene er vurdert som lokal, og me sluttar oss til denne vurderinga.

Prosjektet framstår som lite konfliktfylt med tanke på natur, miljø og landskap.

Vurderingane søkjar har av kulturminne og friluftsliv er gode.

Jarlandselva er ein av sidestrengane i det varig verna Eikedalsvassdraget/Frølandselva. I slike vassdrag kan det gjevast konsesjon til mikro- eller minikraftverk (opp til 1 MW) dersom slik utbygging ikkje kjem i konflikt med miljø- og verneverdiane. I Eikedalsvassdraget var det dei regionale frilufts- og rekreasjonsverdiane av Kvamskogen/Eikedalen, samt den estetiske verdien av Fossen Bratte som var grunngeving for vernevedtaket. Jarlandselva renn saman med Frølandselva nesten heilt nede ved yttergrensa for verneområdet, og ei utbygging i denne kan ikkje seiast å verka inn på verneverdien av vassdraget.

Samla belastning: Kommunen har under utarbeiding ein kommunedelplan for små vasskraftverk som skal seia noko om kor stor utbygging me totalt sett ynskjer i kommunen, i lys av kva andre verdiar me har og korleis dei blir råka av vasskraftutbygging. Dei tre kraftverka ligg langt i frå kvarandre, i ulike delar av kommunen, og i veldig ulike landskap. Me kan ikkje sjå at den samla belastninga av desse tre kraftverka blir for stor.